

Møtereferat

Ref. dato: 01.02.2019

Emne:	Referat frå Regionalt planforum 31.01.2019 – Kommuneplan Samfunnsdel (KPS)	
Til stades:	Osterøy kommune: Jarle Skeidsvoll, Ingvild Hjelmtveit, Jostein Klette Mattilsynet: Reidun Agnethe Medhus Fylkesmannen: Arve Meidell, Hege Brekke Hellesøe, Birte M. Aasen (ref til fmhoagr@fylkesmannen.no) Statens Vegvesen: Tone Bøyum Hordaland fylkeskommune: Kjell G. Håland (nestleiar, KIRU), Eva Katrine Taule (konstituert plansjef), Per Nordmark, Tale Halsør, Grete Kathrine Jacobsen, Gunhild Raddum, Ingeborg Sætrevik og Snorre Waage	
		Sak:
Møtetid:	13.00 – 15.00	Møtestad: Møterom Sunnhordland, Fylkeshuset

Møteleiar: Eva Katrine Taule**Referent:** Snorre Waage

Eva Katrine Taule, konstituert plansjef ønsket velkomen, orienterer om planforum, eit fora for å fremme dialog i planprosessane. Kort presentasjonsrunde.

Innleiing ved ordførar Osterøy kommune, Jarle Skeidsvoll

Ordførar Skeidsvoll understreker viktigheita av plan- og planprosesser som vesentleg arbeid for den samfunnsutviklinga kommunen ønskjer. Slike planar skal sette rammene for den vidare utviklinga av kommunen, ved å mellom anna belyse utfordringsbiletet for å og korleis skape for kommunens innbyggjarar. Denne samfunnsdelen har eit særleg fokus på bærekraft – både sosial, økonomisk og miljømessig bærekraft. Det har vore ein brei prosess og samfunnsplanen er godt forankra både politisk og i befolkninga.

Presentasjon ved Jostein Klette, planleggar, Osterøy kommune

Understreker at dette er eit overordna plandokument, der det har vore mange rundar på kva detaljnivå ein skal leggje seg på i denne samfunnsdelen. Ein har ønska å lage eit kortfatta og overordna plandokument, utan å verte sektorspesifikke. Kommunen innehar veldig stor bredde i verksemd- og ansvarsområde, og om ein vert for spesifikk kan plandokumentet fort verte tunglest og utilgjengeleg. Det har vore eit uttalt ønske om å ha ein kort plan, som er lettlest og tilgjengeleg for alle.

Nokre vesentlege punkt/spørsmål i arbeidet har vore;

- Dette er vi og dette vil vi være
- Den altomfattande planen?
- Kva vil vi ha eit fokus på?

Ein føresetnad er å ta utgangspunkt i utfordringsbiletet for kommunen, og planen ønskjer å svare ut korleis ein møter dei identifiserte utfordringane. Det har og vore eit premiss for arbeidet med KPS at mål, tiltak og strategiar må sjåast i samheng med det kommunen faktisk har av rammeverk, verkemidlar og tilgjengelege ressursar.

Prosess og medverknad: Det har vore eit bevisst val at ein ikkje har tatt med noko om planprosess og medverknad i plandokumentet. Gjennom presentasjonen i planforum går kommunen gjennom korleis

planarbeidet har involvert kommunen sine innbyggjarar, så vel som politikare og administrasjonen i kommunen. Det kjem fram at det over fleire år har vore ein omfattande og utstrakt medverknadsprosess i kommunen. Dette inkluderer også barnetråkkregistreringar.

I tillegg har det vore ein kommunesamanslåingsprosess, der det blei gjort ytterlegare medverknadsarbeid om kommunens framtid, fordelar/ulempar, framtidsutsikter m.m., som har spelt inn i arbeidet med kommuneplanen.

Som eit supplemt til dei kommunale medverknadsprosesser har kommunen også fått gjennomført faglege analysar, som «Framtidsscenario og SWOT-analyse», utført av Telemarkforskning og pwc.

Berekraft: Kommunen bygger opp KPS rundt berekraftsomgrepet, og viser mellom anna til FNs 17 berekraftsmål. Desse måla skal ligge til grunn for heile verksemda. Det er også eit eige kapittel i planen om kva berekraftsomgrepet betyr for kommunen, delt opp i sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.

I tillegg ønskjer kommunen å ha eit særleg fokus på born og unge, og understreker viktigheita av tidleg innsats.

For ytterlegare informasjon vises det til presentasjon og plandokument.

Innspel / diskusjon

I det vidare var det ein diskusjon i planforumsgruppa, og det vart opna for tematiske innspel. Ein tok først for seg *struktur* i dokumentet, så *målsettingar* og *overordna*, før ein opna for innspel knytt til dei tre satsingsområda *sosial-*, *økonomisk*, og *miljømessig berekraft*.

Struktur/heilskap/samanheng:

- HFK, plan: Det er positivt at ein ønskjer å fatte seg i korthet og vere konkrete, men det kan hende at ein har utelatt i overkant mykje. Det vart spela inn frå fleire deltakarar i planforum at ein saknar informasjon om prosess og medverknad i plandokumentet, og kommunen vert oppmoda til å ta inn noko tekst på dette. Det behøver ikkje vere veldig omfattande, men det kan vere fornuftig å synleggjere kva som er blitt gjort på dette området. Det handlar òg om å forankre dokumentet i befolkninga i kommunen – synleggjere korleis dei har vore med å utforme kva som står i planen.
- Det er positivt å få fram kopling mellom samfunnsdel, handlingsprogram og økonomisk budsjett, og KPS kunne med fordel tydeleggjort desse samanhengane i dokumentet.
- Det vert anbefalt at arealstrategiar vert innarbeidd i plandokumentet.
- HFK, folkehelse: Saknar spor av «innbyggjarstemmen» i dokumentet, kan med fordel inkludere dette i dokumentet.
- Fylkesmannen (FMVL): Ros for god gjennomgang og presentasjon, positivt å sjå at kommunen ønskjer å vere budd på samfunnstryggleik. Men dette er ein anledning å sikre politisk forankring på korleis ein vil jobbe konkret mot å møte slike utfordringar. Slik det no ligg føre er det noko tynt, og kommunen vert oppfordra til å samle tydeleggjere mellom anna beredskapsarbeidet i kommunen. FMVL opplyser at de vil sende kommunen diverse aktuelle lenker og dokumentasjon som er relevant for dette arbeidet. Referatet viser til e-post frå Fylkesmannens representant (Arve Meidell) av 04. februar 2019, stila til rådmann og planleggjar i kommunen, som inkluderer [lenke til KMD-rundskriv H-518](#) om samfunnstryggleik i planlegging og byggesakshandsaming.

Generelt om berekraft:

- HFK, Plan: Vi stiller oss positive til at kommunen ønsker å bruke berekraft (inkludert FNs berekraftsmål) som eit strategisk verktøy i verksemda og i den kommunale planlegginga. Det er også positivt at kommunen konkretisering forståinga av berekraftsogrepet til lokal kontekst av disse. Kommunen informerer her om at det er brei politisk tyngde i kommunen bak dette, og at dette fokuset har vore politisk initiert.
- HFK, Plan: Kommunen vert oppmoda om å kommentere/diskutere FNs berekraftsmål (17 stk), og synleggjere korleis desse skal inkluderas i verksemda. Tydeleggjere korleis ein praktisk skal inkludere dette i forvaltninga i/av kommunen. HFK kan vidarebringe eksemplar på korleis inkludere berekraftsmåla i planarbeid. Det er også signalisert at dei statlege forventningane til kommunal- og regional planlegging (februar 2019) vil innehalde forventingar knytt til berekraftsmåla til FN. Kommunen kommenterer at dei ser at det ikkje er alle desse måla som er like relevante, og at ein i større grad kan knytte berekraftsmåla til dei forskjellige satsingsområda. Osterøy er mellom anna med i Unesco biosfæreprosjekt (Nordhordland), der Osterøy ønskjer å vere ein sentral aktør for berekraftig planlegging. Dette kan med fordel inkluderast i KPS.
- Om ein følgjer [denne lenka](#), vil ein rettast mot KMD si nettverkssamling for regional og kommunal planlegging 2018. FNs berekraftsmål var sentralt på samlinga, og det er fleire presentasjonar å hente inspirasjon frå her.
- HFK, Plan: Kommunen vert oppmoda til å lage ein formidlingsstrategi for korleis få KPS ut til kommunens innbyggjarar i ettertid. Dette bør ikkje undervurderast.
- FMVL: Saknar fokus på gruppa «eldre», og ein strategi for eit «aldersvenleg samfunn». Korleis ser kommunen føre seg å skape gode rammer for denne gruppa menneske og. Kommunen kommenterer at det har vore eit ønskje å synleggjere ein rød tråd rundt tidlig innsats og fokus på born og unge, men at ein likevel har fokus på alle aldersgrupper i kommunearbeidet. Det vert konkludert med at ein bør synleggjere nettopp dette i dokumentet.
- HFK, Samferdsle: Kommunen sin presentasjon i planforum har vore oppklårande for å forstå dokumentet KPS. Saknar fokus på samordna areal- og transportplanlegging, mobilitet, tryggeskuleveger, senterstruktur, m.m. *Arealstrategiar* bør inkluderast for å synleggjere korleis ein langsiktig ser føre seg arealdisponeringa i kommunen, då arealbruk heng tett saman med ei rekkje mål og strategiar kommunen legg vekt på i samfunnsdelen.

Målsettingar og satsingsområder:

- HFK, Plan: Det vert nytte omgrep som *Innovativ kommune* og *grønt skifte*: det vert spurt korleis kan vi sjå dette igjen i satsingsområde og strategiar for kommunen, og kva betyr det eigentleg at kommunen ønskjer å vere innovativ? Kommunen kommenterer at sjølve konkretiseringa av dette vil kome på eit seinare tidspunkt (handlingsdel). Kommunen ser at ein må verte meir konkret i teksten, og kople overordna mål, visjonar m.m.
- HFK, Plan: Kommunen har mykje kompetanse og skaparkraft, og kanskje bør det vere eit fokus at *kompetanse* vert vidareutvikla og tatt vare på lokalt? Dette gjeld også for næringsaktivitet. Bygge identitet og tilhørsle, element ein bør ha i tankane. Ein kan med fordel og synleggjere kva kommunen gjer for å vere eit inkluderande samfunn.
- HFK, Klima: Kommunen har masse kompetanse og erfaring på klimafeltet, og det er viktig at ein synleggjer den kompetansen og det gode arbeidet kommunen gjer på klimafeltet. Dette bør institusjonaliserast i organisasjonen, bla gjennom synleggjering i denne planen. Dette vil og gjere kommunen mindre personavhengig på feltet, noko som er høyst relevante problemstillingar i mindre kommunar (særleg). Om kommunen skal være føregangskommune på feltet, bør ein synleggjere det ein gjer og kan; både for regional/statleg forvaltning, andre kommunar, eigen kommune og ikkje minst innbyggjarane i eigen kommune. Positivt at kommunen ønskjer å utarbeide eige

klimareiknskap for kommunen. Kommunen kommenterer at dei veldig gjerne vil utarbeide eit klimareknskap, men kapasitetsutfordringar gjer det vanskeleg å gjennomføre. Kommunen ser det som svært positivt om fylkeskommunen vil gjere noko arbeid/iverksette tiltak for å bistå eller dra i gong dette arbeidet.

Dei Tre satsingsområda:

Sosial Bærekraft:

- HFK, Folkehelse: Mye godt tankegods å lese i dokumentet. Fokus på sosial ulikskap, og positivt at ein har særleg fokys på sysselsetting. Dette er eit viktig folkehelsefokus. Men saknar likevel breidde i folkehelseinlærminga. Kan til dømes ikkje sjå igjen at ein vil sikre mangfald i bustadsituasjon, korleis ein vil operasjonlisere inkluderingsfokus, sikre dei gode møteplassane, kriminalitetsførebygging, innvandrarar, m.m. Hadde vore positivt med konkretisering.
- Medverknadsprosess bør ein og skrive noko om, inkludert korleis ein har nådd ut til alle (sosial uliksskap). Kommunen kommenterer at det er sterke bygder med godt samhald, frivilligheit, god inkludering og styrke. Kommunen tar dette kanskje for gitt i sitt daglege arbeid. Kommunen er samd i at det gode som allereie er – skal vi bygge vidare på. Det skjer mykje, og dette skal vidareføres og vidareutviklast. KPS bør tydeleggjere dei sterke sidene av Osterøysamfunnet.
- FMVL: Vi saknar handlingsdelen! Det er den som gjer at vi føler det er mye som saknas i konkretiseringa. Kommunen har nokre «interessante» demografiske trekk, som til dømes lågt utdanningsnivå men høg levealder. Men samstundes utfordringar knytt til høg grad av uføretrygda - er det her utgangspunktet for sosial ulikskap ligg? Dette er eit viktig tema å gripe fatt i når ein lager handlingsdelen. FMVL viser til ei god «sjekklister» for folkehelsplanlegging, som FMVL vil dele med kommunen.
- Skule og barnehage er ikkje nemnd, ei heller barnevern. Dette saknar vi i KPS og meiner bør vere eksplisitt med i planen. Særleg når ein skal satse på born og unge. (Skole både som undervisningsinstitusjon og sosial arena). Kommunen kommenterer at grunnen til at ein ikkje har namnd dette eksplisitt er at ein har ønska å jobbe seg vekk frå det sektorspesifikke fokus, men å jobbe «universelt» og generelt inn mot born og unge.
- Krevjande å finne balansen mellom kort og overordna – men samstundes konkret og praktisk.

Økonomisk bærekraft:

- HFK, Næring: Næringsutvikling – det er ein veldig bevisst status på næringslivet i kommunen, men vi saknar frampeik på kor og korleis en ser for seg at næringslivet i kommunen skal gå. Saknar og å sjå igjen vyar frå næringslivet, mellom anna reiselivsektoren, der det skjer masse bra. Det er ein svakheit at dette ikkje er nemnd i planen, og dette har arealimplikasjoner som bør diskuteras her.
- Kommunen har eit fokus på kommunal økonomi, som er særleg omtalt i dokument, men har også et sterkt fokus på næringslivet elles i kommunen. Kommunen er samd i at ein kan innlemme næringslivet i KPS.

Miljømessege bærekraft:

- FMVL: Kva meiner kommunen til dømes med «aksen» Lonevåg – Valestrand – Haus? Ønskjer å presisere at å konsentrere veksten i sentera er positivt, men ikkje generelt i denne «transportkorridoren». Kommunen bekreftar her at utviklinga i hovudsak er tenkt knytt til eksisterande senterstruktur. Dette er eksempel på tema som bør framkomme gjennom tydelege arealstrategiar fram mot 2030.
- SVV: Gjer skryt til den overordna tilnærminga, men er samd i innspela om at viktige fagfelt er inkludert og synleggjort i plandokumentet.

- HFK, Kultur og kulturmiljø: Det var ikkje representantar frå Fylkeskonservatoren, men det vart i forkant av møtet sendt innspel som vart formidla i møtet, og er her presentert i referatet:

«Det er viktig at kulturminne vert ein integrert del av dei overordna planane i Osterøy kommune. Kulturminne er både ein ressurs som må sikrast og eit satsingsområde. Det er viktig å kome i gang med ein kommunedelplan når det gjeld bygningsmiljø, kulturlandskap og kulturminnevern generelt.

Hordaland fylkeskommune har gjennom KiK - Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016 vore i dialog med kommunen, men slik vi forstår det har arbeidet med ein kulturminneplan for kommunen stoppa opp. Det er viktig at dette arbeidet vert starta opp igjen. Ein kulturminneplan er eit viktig reiskap for kommunen i forvaltning av kulturarven. Vi oppmodar Osterøy kommune om å prioritere arbeid med ein kommunedelplan for kulturminne.»

- HFK, Plan: Saknar fokus på miljøtilstanden i fjordsystemet, som ein veit har vore eit viktig tema for kommunen over lengre tid. Ein oppfordring om at generelt fokus på miljø passer heime under dette satsingsområdet. Kommunen følger opp med at ein må ha eit sterkare fokus generelt på ressursbruk, som til dømes fokus på sirkulærøkonomi. Dette kan også skape store moglegheiter, for både forvaltninga og næringslivet. Det kan vere gjennom innkjøpsordningar og rutinar, eller framvekst av nye næringar / vidareutvikling av eksisterande.
- Kommunen har her mange gode tankar, og i tråd med at kommunen har som overordna målsetting å vere ein føregangskommune for berekraftig samfunnsutvikling, vert kommunen oppfordra til å i større grad heve dette fokuset i KPS.

Avsluttande kommentarar

Kjell Håland, KIRU (observatør): Veldig interessant og nyttig å lytte og høyre på diskusjonen i planforum. Mange gode råd. Kjem med ein oppfordring til kommunen om å ikkje holde igjen på alt kommunen er sterke på, som til dømes inkludering, næringsliv, arbeidet med Unesco, m.m. Dokker er dyktige, stå på!

Kommunen avsluttar ned å takke for eit godt møte og konstruktive innspel.